



Irene Undheim Karrer  
Widderstr 73D-86167 AugsburgTyskland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1254 - 19/12551

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:

04.06.2019

## Avslag på søknad om endring i matrikkel frå bustad til bustad brukt som fritidsbustad GBNR 1/377

**Administrativt vedtak. Saknr: 126/2019**

### Saksutgreiing:

Viser til dykkar brev av 22.mai der de ber om endring av matrikkelregistrering frå horisontaldelt 2-mannsbustad til bustad brukt som fritidsbustad. Grunnen til at de ynskjer dette endra er grunna utrekninga av formueskatt.

Huset de ynskjer endra er ein nyare horisontaldelt 2-mannsbustad, som ligg i eit etabler og godkjent bustadområde.

Bueininga i H02 vert brukt som fast bustad for mor di og, den andre bueininga i H01 disponerer de som fritidsbustad. Bueininga som vert brukt til fast bustad er også den største bueininga i huset (94 m2 BRA), mot 91 m2 BRA på den de diponerer. Ved fleirbruk i eit bygg skal bygningstypen bestemast av den bruken som har mest areal.

Både på grunn av at det er fastbuande i huset og fordi dette huset er godkjent som bustad, vil det vil verte feil å endre byggtypen til heilårsbustad brukt som fritidsbustad for dette bygget. Det er også presisert frå skatteetaten at :

"...Hvorvidt eiendommen skal formuesverdsettes som bolig eller ikke, avhenger av om eiendommen er egnet til heilårsbolig. Hva eier bruker eiendommen til er ikke avgjørende.

Kartverket kommenterer også dette: ( bygningstype 163- våningshus brukt som fritidshus, 162 Heilårsbustad brukt som fritidshus)

Kartverket vil i forhold til det som er skrevet fra Miljøverndepartementet og Skattedirektoratet presisere at bygningstypene 162 og 163 fortsatt skal være registrert i matrikkelen som bruksenhetstype "B" (Bolig) i henhold til

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Føringsinstruksen pkt 6.1.2 og 6.1.10 under eksempler på hva som regnes som selvstendig bolig. Kommunen skal ikke endre bruksenhet fra "B" til "F" (Fritidsbolig) eksempelvis dersom eier har kjøpt en leilighet i en bygård og bruker den som en fritidseiendom. Bruksenhetene skal kodes i henhold til det de er tillatt brukt til.

## Vedtak

**Krav om retting av matrikelopplysningar etter matrikellova §26 vert avvist.**

**Meland kommune ser ikkje å kunne endra bygningstypen for denne bustaden i matrikkelen frå horisontaldelt 2-mannsbustad til heilårsbustad brukt som fritidsbustad. Ut i frå kommentaren til kartverket vert det heller ikkje rett å endra bruken av dykkar bueining til fritidsbustad.**

## Klage:

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikellova §46.

Klage skal stilast til fylkesmannen, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*